

## Instruks for kontrollutval

(1)

Kontrollutvalet har desse oppgåvene:

- a) sjå til at verksemda i idrettslaget blir driven i samsvar med regelverket og vedtaka til idrettslaget og overordna organisasjonsledd;
- b) følgje særleg med på at idrettslaget har ei forsvarleg forvaltning og økonomistyring, og at midlane til idrettslaget blir brukte i samsvar med lover, vedtak, løyvingar og økonomiske rammer;
- c) få lagt fram for seg alle forslag til vedtak som skal handsamast på årsmøtet, og gje ei fråsegn om dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet deira;
- d) føre protokoll over møta sine, levere ei melding til årsmøtet, og revidere rekneskaper, med mindre idrettslaget har engasjert revisor. I så fall skal utvalet minst ha eit årleg møte med revisor, og dersom det trengst, kan utvalet engasjere revisor for å utføre dei revisjonsoppgåvene utvalet finn naudsynte.

- (1) Kontrollutvalet skal ha tilgang til alle opplysningar, utgreiingar og dokument som utvalet reknar som naudsynte for å utføre oppgåvene sine.

## Instruks for valkomité

Valkomiteen bli vald på årsmøtet på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret, og skal leggje fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet.

Valkomiteen skal legge frem forslag på styrehonorar på årsmøtet.

Ein medlem av ein valkomité som sjølv blir kandidat til eit verv, pliktar å tre ut av valkomiteen med mindre vedkommande skriftleg melder frå til valkomiteen og forslagsstillaren om at vedkommande ikkje er aktuell for vervet.